

STI- OG LØYPEPLAN FOR AURLAND KOMMUNE

TEKSTDEL MED SKILDRING AV OVERORDNA FØRINGAR, METODE OG OVERSIKT OVER
EKSISTERANDE STIAR

VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET 29.04.21 SAK 031/21

INNHOLD

1.	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn.....	3
1.2	Mål for planarbeidet	3
2.	Nasjonale, regionale og lokale føringar.....	4
2.1	Regjeringa sin Handlingsplan for friluftsliv.....	4
2.2	Regional plan for Nordfjella med Raudafjell.....	4
2.3	Forskrift om opprettelse av Raudafjell villreinområde, Aurland, Voss og Ulvik kommunar, Hordaland og Sogn og Fjordane	5
2.4	UNESCO-status.....	5
2.5	Besøksstrategi Verneområde i Nærøyfjordområdet	5
2.6	Forvaltningsplan Vestnorsk Fjordlandskap delområde Nærøyfjorden	6
2.7	Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.....	6
2.8	Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse.....	6
2.9	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde	7
3.	Metode	7
3.1	Organisering.....	7
3.2	Medverknad.....	7
3.3	Prosess	8
3.3	Kartlegging og registrering.....	8
4.	Status på eksisterande sti- og løopenett og innspel frå grendamøte	8
4.1	Vassbygdi	9
4.2	Aurland	13
4.3	Flåm	16

4.4 Undredal	21
4.5 Nærøydalen	23
5. Innspel i høringsperioden	27
6. Vidare arbeid	28
7. Definisjonar	28
Vedlegg 1 Innspel i samband med grendamøte	29

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Arbeidet med sti- og løypeplanen starta opp i 2016 då kommunestyret bestilte ein heilskapleg sti- og løypeplan gjennom vedtak av Kommunedelplan for fysisk aktivitet 2016-2019. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som arbeida med Prosjekt sti- og vandring i 2016 og det vart mellom anna gjennomført planleggingsmøte og workshop. Arbeidet stoppa opp i 2016 og starta opp att i 2019.

Arbeidet er forankra i planstrategien til Aurland kommune 2016-2019, Aurland kommune sitt handlingsprogram for perioden 2019-2022, vedteke 13.12.2018, sak 104/18 og i handlingsprogrammet for Regional plan for Nordfjella med Raudafjell 2014-2015.

Sti- og løypeplanen er ein temaplan som gir oversikt over viktige og relevante ferdselsårer i kommunen. Ein temaplan er ikkje juridisk bindande, det vil seie at tiltak som vert foreslått må innarbeidast i anna planverk for at dei skal verte bindande. Føremålet med ein slik plan er å avklare vegval, vise strategiar og nødvendige prioriteringar på lang sikt, innanfor eit temaområde. Planen vil òg vere eit hjelpemiddel og kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar.

Planen består av ein tiltaksdel, tekstdel og kartgrunnlag.

- Tiltaksdelen skildrar retningslinjer og tiltak knytt til dei ulike stiane. Den vert utforma som ei brosjyre og sendt ut til lag, organisasjoner, turistinformasjon, næringsliv, stiftingar og andre aktørar med ønskje om at den vert fylgt opp i det vidare arbeidet med stiar og ferdselsårer i Aurland kommune.
- Tekstdelen skildrar bakgrunn for arbeidet, metode og gjev ein oversikt over status på kvar sti i kommunen.
- Kartgrunnlaget viser ein oversikt over stiane i kommunen og vert registrert i norgeskart.no. Nye stiar vert registrert etter at dei er oppretta.

1.2 Mål for planarbeidet

Føremålet med planen er at den skal bidra til:

- Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse i befolkninga som heilskap.
- Formidling av lokal natur- og kulturhistorie.
- Ei bevisstgjering rundt kva stiar som bør vere for lokale og kven som kan marknadsførast mot besökande.

Desse måla skal oppnåast gjennom:

- Skilting og tilrettelegging av stiar i alle sentrumsområda etter standard mal.

- Variasjon i sti- og løpenettverket. Kvart sentrumsområde skal ha eit utval av stiar innanfor graderingssystemet der kvar sti blir gradert med enten grøn, blå, raud eller svart farge.
- Føreslå retningslinjer for publisering av prioriterte turstiar og turløyper.
- Sette opp starttavler og informasjonstavler som formidlar lokal natur- og kulturhistorie.
- Samarbeid mellom offentleg, næringsliv, grunneigarar, frivillige lag og organisasjonar.

2. Nasjonale, regionale og lokale føringar

2.1 Regjeringa sin Handlingsplan for friluftsliv

Regjeringa vedtok ny [handlingsplan for friluftsliv](#) i 2018. Regjeringa vil gje eit løft for ferdelsårene i friluftslivet, og starta i 2019 opp eit fleirårig prosjekt med formål å fremme planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar i kommunane. Tiltaket skal bidra til at den enklaste og vanlegaste forma for friluftsliv, vandring i grøntområde og naturomgjevnadar, vert lett tilgjengeleg for alle grupper i befolkninga. I tillegg til å støtte opp om etablering av stiar, turløyper og turvegar. Turvegar skal som utgangspunkt vere tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne.

Tiltaket er ein oppfølging av kommunane sitt arbeid med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde, som Aurland kommune vedtok i 2019. Regjeringa oppfordrar alle kommunar til å revidere eller utarbeide sti- og løypeplanar, og legge til rette for at stiar og løyper vert innarbeida i det offentlege kartgrunnlaget (DOK).

2.2 Regional plan for Nordfjella med Raudafjell

Hovudformålet med [regional plan for Nordfjella](#) er å kome fram til ein langsiktig og heilskapleg strategi for bruk av areal som er viktige leveområde for villreinen eller påverkar villreinen sine leveområder, deriblant legge til rette for allment friluftsliv.

I [handlingsprogrammet for 2015-2018](#) vert sti- og løypeplanen nemnt som tiltak fleire stadar. Til dømes forutset retningslinjene at kommunane har sti- og løypeplanar, som kanaliserer ferdelsen, for å unngå konflikt med villrein. I desse planane bør behovet for nye stiar og løyper i nasjonalt villreinområde vurderast når det mellom anna er viktig av omsyn til villreinen. Kommunane vert oppfordra til å samordna sine sti- og løypeplanar der traséane heng naturleg saman. Eventuelle forslag til omlegging av stiar og løyper som berører verneområda må avklarast med, og godkjennast av, vernestyrene. Eit anna tiltak er å skilte at ein beveger seg inn i leveområde for villrein ved viktige innfallsporter. Skilta bør seie noko om sårbarhet og om villreinen sin plass i kulturhistoria, samt enkle reglar for åtferd. Eksisterande sti- og løopenett innanfor planområdet kan vere i konflikt med villreinen. I tett dialog med turistforeininga og andre sti- og løypeansvarlege bør moglegitene for omlegging av omsyn til villreinen vurderast.

2.3 Forskrift om opprettelse av Raudafjell villreinområde, Aurland, Voss og Ulvik kommunar, Hordaland og Sogn og Fjordane

Fastsett av Miljødirektoratet i 2019 og omfattar områda som ligg over 700 moh mellom Flåmsdalen, Gravahalstunnelen, Raundalen, Vossestrand vest til Langedalen, Nærøydal, Nærøyfjorden, og Aurlandsfjorden.

2.4 UNESCO-status

I 2005 kom

store delar av Aurland kommune inn på UNESCO si verdsarvliste som ein del av Vestnorsk fjordlandskap — Geirangerfjorden og Nærøy/fjorden.

Verdsarvverdiane i Nærøyfjordområdet er kort samanfatta fjordlandskap med aktive geologiske prosessar, vakkert naturlandskap frå fjord til fjell med brear, skog, fossar og frittrennande elvar, og kulturlandskap som gir naturlandskapet perspektiv. I Nærøyfjordområdet er det fleire urørte og villmarksprega område (INON-område), og vegar og ferdsselsårer som er sentrale kulturminne. Døme på slike vegar er stien frå Fronnes, opp Frondalen og over fjellet til Raundalen, stølsvegar frå gardane og opp til stølar i høgfjellet og postvegen mellom Bleiklindi og Styvi.

2.5 Besøksstrategi Verneområde i Nærøyfjordområdet

[Besøksstrategien](#) er utarbeida av Nærøyfjorden verneområdestyre som eit verktøy for å forvalte verneområda på ein strategisk og god måte. Den skisserer ein plan for tilrettelegging, styring av ferdsel, kunnskapsformidling og informasjon til besøkjande. Besøksstrategien skal søke å finne ein balanse mellom å ta vare på verneverdiane, gje gode opplevingar for besøkjande og legge til rette for lokal verdiskaping. Den skal nyttast som ein framtidsretta strategi for fornying og vekst i bygdene. I planen blir det mellom anna sett på kva delar av verneområda som kan leggjast til rette for auka aktivitet, og korleis vi kan styre ferdsel utanom dei mest sårbare områda. Besøksstrategien for verneområda i Nærøyfjordområdet er eit vedlegg til Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden.

2.6 Forvaltningsplan Vestnorsk Fjordlandskap delområde Nærøyfjorden

[Forvaltningsplanen](#) er utarbeida av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2008, planen skal rullerast i løpet 2020. Innanfor området ligg Nærøyfjorden landskapsvernombord, Bleia – Storebotn landskapsvernombord, Bleia Naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat, Grånosmyrane naturreservat og Geitanosi naturreservat. Forvaltningsplanen byggjer på verneforskriftene i dei einskilde verneområda.

Det overordna målet for planen er å bevare eit særmerkt og verdifullt fjord- og fjellandskap med stor variasjonsrikdom av landskap, geologi, botanikk, zoologi, urørt natur, kulturlandskap og kulturminne for framtidige generasjonar. Forvaltningsplanen gjev oversikt over viktige problemstillingar som vedkjem tilhøvet mellom vern og bruk, og planen skisserer tiltak som kan gjennomførast for å fremje ei balansert forvaltning innanfor dei rammene som verneføremålet set.

I 2006 vart det gjeve ut eit turkart for heile verdsarvområdet i Nærøyfjorden. Her er dei viktigaste fotturrutene med. Turkartet er ein viktig reiskap for informasjon og for å kanalisere ferdsla for at folk skal få gode natur- og turopplevelingar i området. Området er rikt på gamle stisystem knytt til bruk av utmarka. Mange av stiane vert i dag nytta til turstiar, men mange gror og att og vert øydelagt av ras og utgliding. Det må ligge føre løyre etter vernereglane til merking av nye stiar før dette vert gjennomført. Vedlikehald av eksisterande merking er tillate.

2.7 Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden

[Planen](#) er eit arbeidsdokument for å setje i stand kulturminne i verdsarvområdet på best mogleg måte, og er ei oppfyljing av tiltaket i forvaltningsplanen om å utarbeide ei statusoversikt over kulturminne og kulturmiljø i verdsarvområdet og arbeide for å sikre at eit representativt utval av kulturminne vert teke vare på for framtida. Vestland fylkeskommune er ansvarleg for planen, som har vore utarbeida i nært samarbeid med verdsarvkommunane, Fylkesmannen i Vestland, verneområdeforvaltar Nærøyfjorden verneområde og Nærøyfjorden verdsarvpark. Planen har ei oversikt over prioriterte kulturminne der fleire stiar som er nemnt i sti- og løypeplanen, står på tiltakslista.

2.8 Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse

Den overordna planen for sti- og løypeplanen er [kommunedelplanen for fysisk aktivitet og folkehelse \(2016-2019\)](#), som vart vedteke av kommunestyret 17.12.2015, KS 122/15. Gjennom denne planen vil kommunen leggje til rette for, og motivere til, at alle ut frå eigne føresetnadnar og interesser skal kunne velje å vere aktiv i kvardagen uansett kor ein er i livsløpet. Dei overordna måla i planen er at alle i Aurland har høve til å vere fysisk aktive i kvardagen. I tillegg til at Aurland kommune fremjar fysisk- og psykisk helse og sunn livsstil gjennom dei kommunale tenestene og i vedtak som påverkar samfunnsutviklinga. Eit av tiltaka av planen er at det skal utarbeidast ein heilskapleg sti- og løypeplan. Andre tiltak som er nemnt i planen, som «rydding og

merking av turvegar med utgangspunkt i der folk bur» og «dialog med næringsliv, naturoppsyn, Statens vegvesen og andre om toalett og avfallshandtering» er òg aktuelle i denne planen.

2.9 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde

Aurland kommune vedtok [temaplanen som kartla og verdsette friluftslivsområda](#) i kommunen i 2019. Formålet med kartlegginga var at kommunen skal få eit bevisst forhold til eigne friluftslivsområde. Det vart registrert 93 friluftslivsområde i kommune, der over halvparten av desse vart kartlagt med verdi B «viktig friluftslivsområde». Den vanlegaste områdetypen som er nytta for friluftslivsområda i kommunen er «leike- og rekreasjonsareal» og «grønkorridør». Arealmessig er likevel störstedelen av friluftslivsområda i kommunen kartlagt som «store turområde utan tilrettelegging» då store delar av høgfjellsområda i kommunen fell under denne områdetypen.

Resultatet av kartlegginga er eit temakart som har blitt publisert på Naturbase.no og som ligg inne som eit eige temalag på Fylkesatlas.no.

3. Metode

3.1 Organisering

Forvaltning og utvikling (FORUT) er ansvarleg for framdrifta i prosjektet. Formannskapet er prosjekteigar. Nærøyfjorden Verdsarvpark er hyra inn som konsulent i arbeidet. Verdsarvparken er ansvarleg for kartlegginga og GIS-arbeidet, mens Aurland kommune tek seg av saksbehandlinga og utforminga av planen.

3.2 Medverknad

Det vart gjennomført fem grendemøter rundt om i kommunen i Vassbygdi, Aurland, Flåm, Undredal og Gudvangen. Det vart sendt invitasjonar ut til næringslivet, samarbeidspartnerar til Verdsarvparken, lag og organisasjonar. Det vart òg hengt opp invitasjon på plakatveggar rundt om i kommunen og invitasjonen vart delt på kommunen si heimeside og på sosiale medier.

På grendemøte vart det først informert om planarbeidet før det vart gjennomført ein times workshop, der deltagarane gav innspel til dei eksisterande stiane og innspel til nye stiar. Verdsarvparken hadde på førehand skrive ned dei stiane som var kome fram under kartlegginga og skrive ned kva type sti det var, kva som allereie finst av tilrettelegging og kva attraksjonar som finst undervegs. Deltagarane vart invitert til å skrive ned moglege påkoplinger til andre stiar, kor

viktig stien er for dei, om stien toler meir bruk, kva behov det er for tilrettelegging, kva prioritering stien bør ha og eventuelle andre kommentarar. I tillegg til at dei kunne teikne inn på kart og skildre forslag til nye stiar. Innspela vart brukt til å utarbeide tiltakslista.

I tillegg til grendemøtene, har det vorte gjennomført møte med verneområdeforvaltarane for Nærøyfjorden landskapsvernområde, blant anna for å innarbeide tiltaka i Besøksforvaltningsplanen i sti- og løypeplanen.

3.3 Prosess

Arbeidet har fylgt rettleiaren frå Miljødirektoratet M-1292 2019 Plan for friluftslivets ferdsselsårer. Etter at statuskartlegginga vart gjennomført, starta arbeidet med å analysere og vurdere tiltaka opp mot måla. Planen vart lagt ut på høyring etter vedtak i formannskapet 27.nov 2020.

3.3 Kartlegging og registrering

Nærøyfjorden Verdsarvpark har arbeida med kartlegging og registrering av stiar i QGIS. Kjeldematerialet har vore turbøker, turkart, turportalar og kommunale og nasjonale kartbaser. Manuskartet er sett saman av FKB TraktorVegSti, N50 Samferdsel, Tur og friluftsruter og GPS sporing frå Nærøyfjorden Verdsarvpark. Manuskartet dannar grunnlaget for plankartet saman med innspel frå grendemøte, lokal kunnskap og informasjon frå besøksstrategien til Nærøyfjorden Verneområdestyre og Villreinområda. Nye stiar som er i konflikt med villreininteresser og der grunneigarane ikkje ønskjer stiar er ikkje teke med.

4. Status på eksisterande sti- og løypenet og innspel frå grendamøte

Aurland kommune er kjent for høge, bratte fjell, djupe fjordar, vill og vakker natur. Ein million turistar kjem hit kvart år for å oppleve området, og fleire tusen går igjennom Aurlandsdalen, syklar Rallarvegen og går stien opp til Brekkefossen eller Prest. Mange besøkande fører til større slitasje på naturen og det er behov for å kanalisere ferdselet utanom dei sårbare områda og tilrettelegge stiane som toler meir bruk. Det er mange gamle ferdsselsvegar til gardane og stølane, men ein mangel på lette nærturar for lokalbefolkninga.

Dette kapittelet skildrar dei eksisterande stiane innanfor kvar gred med informasjon om kva som finst av eksisterande tilrettelegging og attraksjonar. Som vedlegg til planen ligg ei oversikt over innspela til dei eksisterande stiane, som skildrar behov for vidare tilrettelegging og andre kommentarar med ein vurdering av desse innspela. Til slutt kjem ein oversikt over innspela til nye stiar og ein vurdering av desse. I tiltaksdelen, som er utforma som ei eiga brosjyre, er det lista opp ei prioritering av dei eksisterande og nye stiar og tiltak som skal gjerast på desse i løpet av dei neste åra. Prioriteringa er basert på behov for infrastruktur, behov for lokalbefolkninga, avlasting, attraksjon og gradering av stien.

Gradering:

Grøn = enkel. Stort sett korte og enkle turar som passer for alle, utan krav til spesielle ferdigheiter eller utstyr.

Blå = middels. Turar som passar for dei med grunnleggande turferdigheiter og som er i normal fysisk form.

Raud = krevjande. Turar for erfarne turgåare, med god kondisjon. Turar krev ofte gode tursko og anna turutstyr.

Svart = ekstra krevjande. Turar som passar for erfarne fjellfolk, med god fysikk og kondisjon. Godt turutstyr og god kunnskap om kart og kompass.

4.1 Vassbygdi

Området strekk seg frå Vassbygdi, Fretheimsdalsvatnet, Klevavatnet og Austfjella til fylkesgrensa. Området består av ei bygd og store høgfjellsområde. Aurlandsdalen, registrert som «gamle ferdsselsvegar», med 10.000 besøkande kvart år går igjennom området. Østerbø fjellstove og Steinbergdalshytta er i området, og DNT har fleire merka stiar. Villreinen har leveområde i fjellområda og det er ikkje ønskeleg med tilrettelegging av stiar i Austfjella og Vestfjelli. Heile området er enten «viktig» eller «svært viktig friluftsområde», og har fleire inngrepssfrie naturområde. Vassbygdi har fleire DNT-stiar som DNT har ansvar for, men manglar nærturar for lokalbefolkninga. Det er ein del turistar i området, men dei går for det meste i Aurlandsdalen og campar i området der.

Rutenamn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkopling	Behov for tiltak	Prioritering
Stemmerdalen-Kongshellerhytta	Turrute, ski	Delvis merka, betjent fjellstove, fjellstyrehytte, parkering	Steinbergdalen touristhytte, Kongshellerhytta , Utsiktspunkt, stølsbygg, tufter, kulturminner			1
Aurlandsdalen (Østerbø-Vassbygdi)	Turrute Vading og fossesprut kan forekoma	Startskilt, pilskilt, kilometerskilt, toalett, turbok på Sinjarheim, kulturtavle, merka, infotavle, gammal kløvveg/ferdselsveg,	DNT Turisthytte, fjellstove, kulturminne, kulturtavle, kulturlandskap,		Kontinuerleg vedlikehald. Skilt i vegskiljet ved Hungersholtan.	1

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
		oppmurte parti, Turrute DNT Oslo og Omegn, parkering, klopper, overnatting, hengebru, benker	stølsbygg, tufter, gamle gardstun			
Vassbygdi - Stondalen	Turrute	Parkering, skilta, turbok ved Almenningbrua i Stondalsgjelet, gammal stølsveg, oppmurte parti.	Kulturminne, kulturlandskap, stølsbygg, tufter	Mjelkeberg/Hovdungo . Aurlandsdalen. Stondalen - Botolvstølen. Grind - Lauvdalen	Vegetasjonsrydding og grøfting. Skilt til Hovdungo. Fleire moglege påkopingar.	1
Stemmerdalen - Østerbø	Turrute	Turrute DNT Oslo og Omegn, merka, delvis skilta, varda, tilkomst frå FV50 i Stemmerdalen, overnatting	Kulturminne, kulturlandskap, stølsbygg, tufter, Turisthytte i Stemmerdalen og Østerbø			1
Stemmerdalen - Geiteryggshytta	Turrute					1
Storrberg	Turrute Nætur	Turbok, delvis skilta, enkel merking.	Utsiktpunkt		Rydding, skilting	1
Veim - Kvittingane	Turrute	Turbok, delvis skilta, enkel merking.	Utsiktpunkt, stølsbygg, tufter, kulturminner		Rydding, skilting	1
Vassbygdi rundt inkl. Bulyst-stien	Turrute	Mogleg å parkere i vegskiljet. Vassbygdi Ungdomslag ansvarleg for vedlikehald	Kulturminner	Kyrkjegarden mot Kvittinga. Midje/Kjel. Leikvollen. Elvavegen (alternativ med vogn/rullestol). Skytebane/hagane. Vassbygdi rundt	Gruse hol, skilte. Dugnad gras/brennesle	1

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
Fiskeplassen ved Stemmerdalen	Universelt utforma				Skilting	1
Bridlebru - Stondalen	Turrute	Skilting, merking, bru, vegtilkomst ved Stondalen, gamal kløvveg, parkering?	Utsiktspunkt, stølsbygg, tufter, kulturminner		Rydding, betre skilt i vegskiljet.	2
Langedalen	Turrute	Varda, del av gamal kløvveg, hytte, parkering, bru. Områda vert nytta av rein i brunstperioden om hausten (oktober)	Stølsbygg, tufter, kulturminner, turisthytter		Merking fram til stølane.	2
Holmen - Heimrebø	Turrute	Startskilt, pilskilt, kilometerskilt, toalett, turbok på Sinjarheim, kulturtavle, merka, infotavle, gamal kløvveg/ferdselsveg, oppmurte parti, Turrute DNT Oslo og Omegn, parkering, overnatting, klopper	DNT Turisthytte, fjellstove, kulturminne, kulturtavle, kulturlandskap, stølsbygg, tufter, gamle gardstun, utsiktspunkt		Skilting ned frå Holmen	3
Fv50 - Berkvam-Heimrebø	Turrute	Skilta, merka, bru, parkering ved FV50	Rundtur, tufter, kulturminner, kulturtavler			3
Hungersholtan – Almabru - Vetlestølen	Turrute Alternativ løype til hovedstien	Gamal kløvveg, delvis merka, bru ved Almen, delvis oppmurt.	Kulturminne, tufter, utsiktspunkt	Aurlandsdalen	Utbetra veg frå hovedløype til bru	3

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
Nesbø-Tindi-Myrane	Turrute for lokale	Gamal kløvveg. Kortare rute i Aurlandsdalen.	Utsiktspunkt, stølsbygg, tufter, kulturminner, gammalt gardstun		Rydding. Ønskje om samarbeid om vedlikehald bru med kommunen.	3
Sykkelveg gamle Vassbygdevegen (Nesberget)	Nærtur		Kulturminne	Alt i Vassbygdi	Rydding av stein, rassikring	3
Kvålene			Kulturminner	Bulyststien, vegen til Kjel.	Skilting, info om skålgrøper	3
Stølsveg til Eisingane	Turrute		Historisk, utsikt.	Storrberg. Aurlandsdalen. Kjel - Svoldalen - Midje	Merking etter Storrberg	3
Stondalen - Seltuft	Turrute, ski Turrute DNT Oslo og Omegn. Villrein	DNT-løype, merka, skilta? Varda, tilkomst frå FV50 i Stondalen, tilkomst frå Rallarvegen ved Seltuft	Kulturminne, Rallarvegen, kulturlandskap, stølsbygg, tufter		Ikkje marknadsfør	Ikkje prioritert
Vesterdalsvatnet - Kongshellerhytta	Ski. Turrute DNT Oslo og Omegn. Villrein	Hytte, overnatting, parkering	Kongshellerhytta			Ikkje prioritert
Vesterdalsvatnet - Geiteryggshytta	Turrute, ski, sykkel Anleggsveg	DNT-løype, merka, delvis skilta, Varda, tilkomst frå FV50 Vestredalsvatnet og Geiteryggstunnelen, overnatting	Kulturminne, kulturlandskap, tufter, Geiteryggshytta			Ikkje prioritert
Kringla - Rausmesdalen	Turrute				Skilting frå Nesbø. Ikkje marknadsføre.	Ikkje prioritert

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
Midje - Kleå	Turrute, Ski, sykkel	Gamal anleggsveg, grusdekke,	Stølsbygg, tufter, kulturminner, gammalt gardstun.	Elvavegen fra Steine bru. Vassbygdi - Midje - Svoldalen - Kleå	Skilte. Ikke marknadsførast for mykje	Ikkje prioritert
Kjel - Melahytta	Turrute for lokale Villrein	Varda, del av gammal kløvveg, hytte, parkering	Fjellstyrehytte, utsiktspunkt, fiskevatn		Ikkje marknadsføre, ingen skilting.	Ikkje prioritert
Finndalen - Nåsi	Ski. Turrute DNT Oslo og Omegn. Villrein	Parkeringsplass		Aurlandsdalen (Østerbø - Stemmerdalen). Ned til FV50 Øystølen		Ikkje prioritert
Låvi - Låvisberget	Turrute		Kulturminne	Rundtur Låvi	Delvis utrasa, krevande vedlikehald	Ikkje prioritert

4.2 Aurland

Området strekk seg fra Otternes til Skjerdal, Aurlandsfjellet og fra Aurlandsvangen til Dalen. Fleirtalet av innbyggjarane bur i denne delen av kommunen der kommunesenteret ligg. Området består av fleire bustadfelt, jordbruk og bratte lier. E16 går igjennom deler av området og nasjonal turistveg over Aurlandsfjellet gjer det mogleg å kome seg høgt til fjells. På Aurlandsfjellet har villreinen sitt leveområde og fjellområdet har fleire verneområde, som Norheimsdalen naturreservat, Bleia-Storebotnen landskapsvernombord og Nærøyfjorden landskapsvernombord. Området består i tillegg av fleire «svært viktige friluftsområder» og inngrepstofte naturområder. Det er to løpenettverk i området, Tyhagane og Vikesland – Hovdungo. I tillegg til ei dagsturhytte og kultursti.

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
Vangen – Volda – Bell/Høydalen	Turrute, sykkel	Delvis skilta, merka	Fjordsti. Utsiktspunkt, skytebane, tufter	Bell - Ås. Bell - Voldagjelet. Ås - Voldagjelet.	Betre skilting fra Vangen og Høydalen.	1
Vangen - Stegastein	Turrute	Skilting og merking, parkering, delar av gammal kløvjavaveg	Utsiktspunkt, kulturminner,	Stegastein - Kvamshagane		1

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
			dagsturhytta, murar	(fisken). Vidare til Prest. Rundtur Turlidfossen.		
Dagsturhytta	Turrute	Skilting, merking, turbok, parkering	Dagsturhytta, utsiktspunkt, røyrgate, murar	Frå SJH	Trappetrinn på sleipe parti	1
Kulturstien SJH	Turrute. Nærtur	Skilting, merking, tavler	Aktivitetar, kulturtavler	Hopen, Dagsturhytta, sti frå Onstad til Nyheim	Vedlikehald og drenering. Utvide sti mot Hopen. Rydde sti til Dagsturhytta.	1
Turlidfossen - Berg	Turrute	Skilting, delvis merka, turbok, gamal kløvveg	Kulturminner, tufter, stadnamnskilt, utsiktspunkt	Rundtur Stegastein	Rydding, merking	1
Prest/Røyrgind	Turrute, topptur	Startskilt, turbok, parkering	Utsiktspunkt	Kvammadalsbrui - Kolsa - Røyrgind (for lokale). Kvammadalsbrui - Blåskavlen.	Toalett. Informasjon om gradering.	1
Høgås	Turrute	Parkering	Utsiktpunkt		Utbetreibungspunkt, informasjon til tilreisande. Toalett	1
Vikesland – Hovdungo	Turrute	Skilting , merking, turbok, parkering, stølsveg, traktorveg	Kulturmark, joer (geologi), stølsbygg		Parkeringsplass og toalett er på veg	1
Heggvikji - Bøen	Gangveg					1

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
Universellt utforma sti		Fylkesatlas: «sentrumsnære turvegar»			Sjå på overgangane	1
Låvishagane-Mjå	Nærtur				Skilte	1
Skjerdal - Leim	Turrute	Startskilt, turbok, traktorveg, stølsveg, toalett	Stølscafè, stølsbygg, utsikt		Parkering, toalett	2
Sele - Hovdungo	Turrute	Startskilt, merking, turbok, gamal kløvveg	Stølsbygg, utsiktspunkt	Vikesland - Hovdungo	Merking frå Hovdungo	2
Onstad - Tokvam - Onstad	Nærtur			Ikkje ønskeleg med sti over Tokvam	Legge stien utanom dyrka mark	2
Li – Otternes	Turrute	Startskilt, gamal skuleveg	Joer, kulturminne, gammalt bygningsmiljø	Sevål, gammal mjølkeplass for Otternes, vårbeite.	Merking, rydding, parkering ved Bergsleitet	3
Vikesland – Sele	Turrute, langrenn	Startskilt, parkering, stølsveg, traktorveg	Joer (geologi), stølsbygg			3
Lysløype					Sjå på alternativ plassering	3
Hovdungo - Hovden - Mjå - Låvishagane					Rydding, merking	3
Sjøhagen - Skjerdal	Turrute	Kai, delvis oppmurt				Ikkje prioritert
Li – Sele	Turrute	Startskilt, gamal kløvveg, stølsveg	Stølsbygg, kultuminne			Ikkje prioritert
Blåskavlavarden	Tursti, topptur	Skilting, merking, turbok, parkering, stølsveg	Varde, utsikt, kulturminne, stølsbygg		Kjem opp i mykje brukte beiteområde for rein, bør ikkje vardast/merkast	Ikkje prioritert

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
					eller marknadsførast	
Trolladokki	Turrute	Skilta, merka	Kulturminne, gamal hopbakke	Joasete	Skilt ned til Høgsete	Ikkje prioritert
Joasete	Turrute	Skilta frå Hovdungo og Trolladokki, delvis merka	Kulturlandskap, kulturminner, stølsbygg, utsiktspunkt		Flytte startpunkt til utanom tunet på Vikesland	Ikkje prioritert
Vassbygdi - Aurland						Ikkje prioritert
Onstadbrui - Hopen						Ikkje prioritert
Kvitt – Li						Ikkje prioritert

4.3 Flåm

Området strekk seg frå Otternes til Myrdal, inkludert Flenjaeggi og Tarven. Reiselivsindustrien i kommunen har sitt hovudsete her og ein million turistar besøker Flåm kvart år. Rallarvegen går gjennom Flåmsdalen med 10.000 syklistar kvart år. Raudafjell villreinområde dekker alt areal over 700 moh i fjellområda vest for Flåmsdalen. Det er ikkje ønskeleg med tilrettelegging av stiar i desse områda. Verdsarvområde og Nærøyfjorden landskapsvernombord ligg òg i desse fjellområda vest for Flåmsdalen, i tillegg til Grånosmyrane naturreservat. Området er òg registrert som «viktig» og «svært viktig friluftsområde».

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
Rallarvegen	Turrute, sykkel, Ski	Skilt, infotavle, bilveg (grus og asfalt), toalett, utsiktspunkt, rastepllass, parkering,	Finse, Hallingskeid, Stølskafè, stølsmiljø, Flåm zipline,	Uppsete	Kontinuerleg vedlikahald. Rydde utsiktspunkt.	1

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
		haldeplass for tog, overnatting, hotell. Vaktmesterordning Venner av Flåmsdalen.	Flåmsbana, Vatnahalsen Hotell, kulturminner, Flåm kyrkje, Sivle bauta, kulturlandskap, høgdegardar		Stoppe biltrafikk ved Flåm kyrkje.	
Gamlevegen Melhus-Kårdalen	Turrute	Delvis oppmurt, gammal drifteveg/ferdselsveg, parkering	kulturminne, lulturlandskap, stølsbygg, stølskafè, gamle gardstun, rallarvegen	Uppsete	Skilting om rasfare. Vinterstengt.	1
Fretheim – Brekke - Lunden						1
Raokjen (Brekkefossen)						1
Brekkefossen - Grindfletane	Turrute Voss Utferdslag, DNT	Merka, DNT, varde, delvis skilta, gammal kløvveg, steintrapp ved start, hytte, parkering	Brekkefossen, utsiktspunktet Raokjen, stølane i Ljosdalens, sjølvbeteningshytte på Grindafletane, kulturminner, tufter, UNESCO			1
Kultursti Fretheim Hotell	Turrute	Grusveg, infotavle, toalett, parkering. Opparbeida av næringslivet.	Kunstverk, utsiktspunkt, krigsminner			1
Gang og sykkelveg Flåm-Bøen	Turrute, sykkel	Asfaltveg, toalett, infotavle, parkering	Fjordsti, Otternes bygdetun			1
Haugen til Flåm skule		Avlaste Flåmsdalsvegen.	Bilfritt, utsikt		Dialog med grunneigar.	1

Rutenamn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
Høga bru - Rokkabru		Avlastar Flåmsdalsvegen	Rjoandefossen. Utsikt til Flåmsbana og høgdegardar		Dialog med grunneigar. Rydding. Sette opp grinder.	1
Kårdalen- Ugjerdalen- Myrdal	Turrute	Delvis oppmurt, gamal drifteveg/ferdselsveg, skilt (gamle)	Kulturminne, ruinar, kulturlandskap, stølsbygg, Stølskafè, rallarvegen, Flåmsbana, utsiktspunkt	Uppsete	Bru ved Ugjerdalen. Oppgradere sti.	2
Uppsete - Ugjerdalen	Turrute	Delvis oppmurt, gamal drifteveg/ferdselsveg, gamle skilt, delvis merka frå Upsete. Haldeplass på Bergensbana, parkering.	Upsete fjellstove, stølsbygg, stølslandskap, Bergensbana, ruinar etter telegraf. Utsiktspunkt.	Myrdal og Kårdalen	Skilt ved stikryss. Varding	2
Berekvam - Vidme	Turrute	Delvis oppmurt, gamal drifteveg/ferdselsveg, skilta og merka, parkering, infotavle kjem. Turbok på Hovden	Kulturminner, utsiktspunkt, høgdegard, tufter og ruinar.	Oksli, Kvårvi.	Påkoping frå grindi til Vidmevegen	2
Leina - Røhaug	Tursti	Merka, turbok, parkering utsiktspunkt, klopper	Utsiktspunkt, kulturminner, bru over Flåmsbana	Draumeplassen	Dialog med grunnerigar. Rydding, merking.	2
Gamle Ryavegen. Frå Håreinasvingen (Frelesesarvvegen, Humlehagen, Skaftåkrana) til Ryo			Utsikt over Flåmsdalsbygda og Flåmsdalen.	Gudmedalen, Holo.	Skogrydding. Dialog med grunneigar.	2
Vikji i Vatnahaugane Indrelid	Tursti for lokale	Gamlevegen til Indrelid/Ryo			Dialog med grunneigar. Rydding.	2
Frondalen - Håvasete	Turrute	Infotavle SNO, kulturtavle, toalett, lite merka, kai til	Utsiktspunkt, kulturminne,		Startskilt, merking, rydding	3

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
		småbåt. Gamal kløvveg, turbok på Lintu. Tiltakslista Restuareringsplan Vestnorsk Fjordlandskap.	stølslandskap, stølsbygg			
Vidme - Kvårvi - Høga				Berekvam – Vidme. Oksli	Opparbeiding, merking, skilting.	3
Uppsete - Grindafletane	Turrute Voss Utferdsdag, DNT. Villrein	Merka, DNT, varde, delvis skilta, hytte	Upsete fjellstove, stølsbygg, stølslandskap, Bergensbana, Utsiktspunkt, sjølvbeteningshytte på Grindafletane	Vassete, Øyane, Flåm.		Ikkje prioritert
Upsete - Kaldavasshytta	Turrute Voss Utferdsdag, DNT	Merka, DNT, varde, hytte. Voss Utferdsdag har ansvar for stien	Upsete fjellstove, stølsbygg, stølslandskap, Bergensbana, ruinar etter telegraf. DNT Kaldavasshytta.			Ikkje prioritert
Myrdal - Kaldavasshytta	Turrute Voss Utferdsdag, DNT	Merka, togstasjon, hytte, toalett	Myrdal stasjon, DNT Kaldavasshytta, utsiktspunkt			Ikkje prioritert
Flåm - Øyane	Turrute for lokale	Gamal kløvveg	Utsiktspunkt, kulturminne, stølslandskap, stølsbygg		Treng oppgradering	Ikkje prioritert
Ramnanosi	Tursti for lokale	Traktorveg i starten, varde, turbok	Utsiktspunkt, stølslandskap, stølsbygg,		Ikkje marknadsføre	Ikkje prioritert
Reinunga/V.halsen-Sjebergsnuten	Turrute, ski. Villrein	Delvis merka, varda, oppmurte parti, bru over Kjosfossen, holdeplass tog, hotell	Utsiktspunkt, stølslandskap, stølsbygg, Kjosfossen,			Ikkje prioritert

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
			Rallarvegen, Vatnahalsen hotell, kulturminner			
Reinunga/V.halsen - Tarven	Turrute, ski. Villrein	Delvis merka, varda, oppmurte parti, bru over Kjosfossen, holdeplass tog, hotell	Utsiktspunkt, stølslandskap, stølsbygg, Kjosfossen, Rallarvegen, Vatnahalsen hotell, kulturminner		Særleg vinter/vår, men også i sommarhalvåret, er denne mykje brukt av rein (helst bukkeflokkar). Uheldig med meir tilrettelegging eller marknadsføring	Ikkje prioritert
Berekvam - Tveiti		Avlastar Flåmsdalsvegen	Utsikt til Flåmsbana, Berekvamsgjelet og Geithusgardane		Skilting. Legge vegen utanom gardstun ned mot elva.	Ikkje prioritert
Leina - Rokken			Jettegryter	Kjina, Høga bru.	Rydding, skilting	Ikkje prioritert
Sti over Slettene					Ikkje ønskeleg med nye tiltak	Ikkje prioritert
Gudmedalen (Ljosberg-) Vidalsdammen					Mykje brukt område av rein, bør ikkje tilretteleggast eller marknadsførast	Ikkje prioritert
"Rastepplass" E16 til Otternes. Gamlevegen frå Fretheim til Otternes						Ikkje prioritert

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
Småbåthamna Dynamittkaia mot Slettene					Ikkje ønskeleg med nye tiltak	Ikkje prioritert

4.4 Undredal

Området strekk seg fra Undredal til Langhuso, inkludert fjellområda rundt Stiganosi. Undredal er ei lita bygd, omkransa av fjorden og høge fjell. Bygda har mange besøkande kvar sumar. Stien ut til Stokko er svært populær, mens dei sprekaste overnattar i Ørnareiret, like over stølen Hovdungo. Bygda er kjent for geitost og kulturlandskapet pregar området. Høgfjellsterrenget er krevjande og Raudafjell villreinområde strekkjer seg innover her. Bygda er omkransa av Nærøyfjorden landskapsvernområde og verdsarvområde, i tillegg til INON-område. Deler av fjellområda er «viktig friluftsområde».

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
Hovdungo	Turrute	Startskilt, turbok, kulturtavler, kløvjaveg, turbok. På tiltakslista til Restaureringsplan Vestnorsk Fjordlandskap.	Stølsbygg , kulturminner, tufter, murar, utsiktspunkt	Enne, Stigen, BeiteLEN, Stiganosi.	Vedlikehalde murar, skilt frå sentrum.	1
Enne	Turrute	Turbok	Utsiktspunkt	Stigen, BeiteLEN, Stiganosi.	Forbetring på glatte parti	1
Stokko	Turrute	Startskilt, turbok, toalett (utedo), infotavle. På tiltakslista til Restaureringsplan Vestnorsk Fjordlandskap.	Lokalhistorie, stadnamn, kulturminne		Informasjon ikkje veg til Stigen, parkering før kyrkja. Legge sti utanom slåttemark på Dorganeset.	1
Bufarveg opp til Enne		Avlastar hovudstien.		Hovdungo	Rydding, skilting. Skogshogst ok,	1

Rutenavn	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Attraksjon	Mogleg påkoping	Behov for tiltak	Prioritering
					større tiltak søknadspliktig.	
Sentrumssti					Skilting	1
